


Rektor

Vår dato
10.07.2006Vår referanse
2006/6180/MIDykkar dato
18.04.2006Dykkar referanse
2006/03495
KU/KU3 IE:kdp

Kultur- og kirkedepartementet
Att. Ingvar Engen
Postboks 8030 Dep.
0030 Oslo



Høyring av endring i forskrift 5. desember 1980 nr. 4938 om målbruk i offentlig teneste

NTNU seier seg i prinsippet samd i det framlagte forslaget.


Vi har allereie starta arbeidet med dei etterspurde rutinane om veksling mellom målformer i dei tekstane som fell under mållova, seinast i form av eit internt rundskriv i desember 2005 med detaljerte forslag for fakultet og stabseiningar.

NTNU er ved sine sju fakultet, seks stabseiningar, vitenskapsmuseum og bibliotek ein desentralisert institusjon med variert produksjon av dokument som skal rapporterast etter mållova, og tilhøyrande ulikt behov for lokalt vedlikehald av rutinar. Det kan da verta noko upraktisk med ei sterk sentral samordning.

Alle dokument relevante for rapportering etter mållova vert no lagd på websidene i elektronisk form og kan lett sporast. Dette er vel ei utvikling som gjeld stadig fleire statlege institusjonar, og den syner at ein ut frå websidene aleine skulle kunne laga tilfredsstillande samla rapportar om målbruken.

Vi tillet oss å peika på ein skort på samsvar i det utsende høyringsbrevet: På side 5 står det under avsnitt 4.1 "...faste rutinar for registrering av målform i kvart enkelt dokument som kjem inn under...", mens det i sjølve endringsforslaget står "...faste rutinar for registrering av målform i alt tilfang som kjem inn under...". Vi antar det er teksten i sjølve endringsforslaget som vil verta gjeldande, noko vi kan vera samde i, og ikkje teksten i høyringsbrevet.

Med helsing


for
Torbjørn Digernes
Rektor

Postadresse	Org.nr. 974 767 880	Besøksadresse	Telefon	Saksbehandlar
7491 Trondheim	E-post: postmottak@adm.ntnu.no	Hovedbygningen, Gløshaugen, Høgskoleringen 1	+47 73 59 55 40	Mentz Indergaard
	http://www.ntnu.no		Telefaks +47 73 59 54 37	Tlf: +47 73 59 69 45

All korrespondanse i samband med saksbehandling skal adresserast til den aktuelle eininga ved NTNU og ikkje direkte til einskildpersonar. Ved kontakt ver vennleg og gi opp referanse.